



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Arbeidsmiljøutvalet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	16.10.2017
Tid:	13:30 – 15:15

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy	Medlem	KRF
Olaus-Jon Kopperstad	Medlem	
Olaug Andreassen	Leder	
Eli Karin Kvalsund	Nestleder	
Marina Hoff Myking	Medlem	
Oddbjørn Vinjevoll	Medlem	

Forfall:

Arnulf Goksøyr	MEDL	H
Johnny Hundsnes	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

--	--	--

Andre:

Anja Dahl, Stamina
Personal- og organisasjonsleiar Ann-Kristin Eiken
Kommunalsjef stab Jan-Vidar D. Hjelmeseth

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiararen vart desse valde:
Marina Hoff Myking og Olaus-Jon Kopperstad

underskrifter

Marina Hoff Myking

Olaug Andreassen
leiar

Olaus-Jon Kopperstad

PS 26/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 27/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

Protokollen vert godkjent med slike merknader:

Under drøftingar har leiar og dei to som skal skrive under følgjande kommentarar:

Faste AMU-møter:

Leiar og sekretær set opp ein ny møteplan der ein legg opp til eitt møte i månaden, dette i forkant av formannskapsmøtet.

Fast sekretær i AMU:

Etter administrativ omorganisering og tilsetting av ny personal- og organisasjonsleiar har spørsmålet om kven som skal vere sekretær for AMU vorte stilt. Rådmannen viser til delegasjonsreglementet der det er bestemt at han skal syte for sekretærar for råd og utval. Kommunalsjef stab vert fast sekretær, ved evt. Fråvær syter rådmannen for vara.

PS 28/17 INTERKOMMUNALE SAMARBEID PÅ KOMPETANSEKREVJANDE FAGOMRÅDE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 16.10.2017

Herøy kommunestyre er positiv til å utarbeide eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune på tekniske fagområde knytt til planlegging, byggesak og kart/oppmåling seinast frå 1 januar 2019

Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide ein samarbeidsavtale om å etablere felles administrativ brannsjefsstilling frå 1. januar 2019.

Herøy kommune skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgjande evaluering.

PS 29/17 SJUKEFRÅVÆR 2. TERTIAL 2017

Møtebehandling:

Deler av saka vart handsama for lukka dører.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 16.10.2017

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

MØTET SLUTT!